



Birthe Andersen Haugen

Dato: 27.03.2014
Vår ref.: 2014/2-31
Saksbehandlar: adelan
Dykkar ref.:

Melding om vedtak - Bruk av QM+ til kvalitetssystem for Fagskolane i Hordaland

Sender sak med vedtak om bruk av QM+ som kvalitetssystem for Fagskolane i Hordaland til orientering. Saka vart handsama i Hordaland fagskulestyre 13. mars 2014.

Adeline Berntsen Landro
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/2-19
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Bruk av QM+ til kvalitetssystem for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

Fylkesrådmannen har fastsett at Hordaland fylkeskommune og dei ytre einingane skal bruke QM+ som kvalitetssystem. I høve til Fagskolane i Hordaland må Hordaland fagskulestyre avgjere om systemet også skal nyttast ved fagskulane. Det er føremålstenleg at alle einingane i fylkeskommunen nyttar seg av det same systemet så lenge systemet har funksjonar som fagnar om dei behov dei ulike einingane har. Per dags dato kan ikkje dei maritime fagskulane bruke QM+ til sitt kvalitetssystem mellom anna fordi systemet ikkje er sertifisert etter ein standard. Dei tre fagskulane nyttar QM+ til sine dokument, og desse er soleis opne for fylkesadministrasjonen, men systemet er ikkje basert på og tilrettelagt for å implementere dei gjeldande kvalitetssystema ved fagskulane. Fylkeskommunen ønskjer å vidareutvikle systemet slik at det imøtekjem dei krav dei maritime fagskulane har.

Forslag til vedtak

1. Fagskolane i Hordaland skal nytte Hordaland fylkeskommune sitt kvalitetssystem til sine styrings- og gjennomføringsdokumenter, ved opplasting eller lenking frå anna system.
2. Fagskolane i Hordaland kan ta i bruk QM+ til sine kvalitetssystem når programvara tilfredsstillir krava til maritim utdanning.
3. Fagskolane i Hordaland kan sjølv vurdere kva programvare dei ønskjer å bruke til spørjeundersøkingane i skulane sitt eige kvalitetssystem.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 13.03.2014

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1	Fagskolane i Hordaland skal nytte Hordaland fylkeskommune sitt kvalitetssystem til sine styrings- og gjennomføringsdokumenter, ved opplasting eller lenking frå anna system.
2	Fagskolane i Hordaland kan ta i bruk QM+ til sine kvalitetssystem når programvara tilfredstillar krava til maritim utdanning.
3	Fagskolane i Hordaland kan sjølv vurdere kva programvare dei ønskjer å bruke til spørjeundersøkingane i skulane sitt eige kvalitetssystem.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.02.2014

Fylkesrådmannen har fastsett at Hordaland fylkeskommune og dei ytre einingane skal bruke QM+ som kvalitetssystem. Kvalitetssystemet til Hordaland fylkeskommune vert i dag nytta som eit dokumentlagringssystem i høve til styrings- og gjennomføringsdokument for den einiskilde skule, og til HMT i høve til dokumenthandtering og avviksmeldingar. I høve til Fagskolane i Hordaland må Hordaland fagskulestyre avgjere om systemet også skal nyttast ved fagskulane.

Det er føremålstenleg at alle einingane i fylkeskommunen nyttar seg av det same systemet så lenge systemet har funksjonar som famnar om dei behov dei ulike einingane har. Per dags dato kan ikkje dei maritime fagskulane bruke QM+ til sitt kvalitetssystem av di systemet ikkje er sertifisert etter ein standard, og av di det ikkje er mogleg for studentane å melda avvik gjennom QM+. Fagskolane i Hordaland kan heller ikkje nytte QM+ til å senda ut spørjeundersøkingar til studentar, eksterne sensorar og andre interessentar, av di systemet berre er ope for tilsette i Hordaland fylkeskommune. Dei tre fagskulane nyttar QM+ til sine dokument, og desse er soleis opne for fylkesadministrasjonen, men systemet er ikkje basert på og tilrettelagt for å implementere dei gjeldande kvalitetssystema ved fagskulane.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å vidareutvikle QM+ slik at systemet vert sertifisert, og slik at det vert laga ein tilleggsmodul som opnar opp for at studentane kan få tilgang til å gje avviksmelding i same løysing. Ei vidareutvikling av systemet i høve til desse krava vil kunne vere på plass om ca. 2 år. Det har tidlegare vore uttrykt ønskje om at det skal kunne vere opent for studentane ved fagskulane i QM+, slik at ein kunne nytte seg av spørjeskjema-modulen som har fleire moglegheiter enn It'slearning. Dette var ikkje mogleg å få til tidlegare, og fagskulane har derfor arbeidd med å utvikla spørjeskjema i løysinga SurveyXact. Bergen tekniske fagskole har nytta SurveyXact i 2 år, og Bergen maritime fagskole har nytta løysinga for nokre av utdanningane. Bergen maritime fagskole og Fusa fagskule ønskjer no å nytta SurveyXact til sine spørjeskjema som skal ut til studentar, lærarar og sensorar.

På bakgrunn av saksframlegget vil administrasjonen tilrå at Fagskolane i Hordaland kan ta i bruk QM+ når systemet er ferdig utvikla, men at skulane likevel kan nytta SurveyXact til utsending av spørjeskjema om dei ønskjer det. Fordelen med eit felles system er at kombinerte skular har færre system og halde seg til, og ein kan kommunisere med resten av organisasjonen gjennom kvalitetssystemet.